



UNIVERSITETET I BERGEN

Utfyllande retningslinjer for opptak ved Universitetet i Bergen

Utarbeidd ved Studieavdelinga, Universitet i Bergen, 01. februar 2019

(Sist redigert 10.11.2011 JJH)

Versjon: 3

Innheld

Kapittel 1. Verkeområde	3
1-1. Verkeområde.....	3
Kapittel 2. Minstekrav for opptak	3
2-1. Generelle føresegnere	3
2-1 (1) Generell studiekompetanse.....	3
2-1 (3) Engelskspråklege studieprogram	3
2-1 (5) Ufyllande om språkkrav for framandspråklege masterprogram.....	4
2-2. Opptaksgrunnlag masterutdanning	4
2-2 (3) Opptak til 2-årig masterprogram	4
2-4. Opptaksgrunnlag praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)	5
2-4 (3) Tofagsmodell og tilbod	5
2-6. Opptaksgrunnlag norskurs for eksterne søkerar.....	5
2-6 (1) Kven kan ha rett til kurs?	5
2-6 (3) Om rangering	5
Kapittel 3. Realkompetanse	6
Kapittel 4. Kvotar og opptaksrammer	6
4-1 (2) Ulike kvotar	6
Kapittel 5. Rangering	6
5-4. Poengbereking og rangering av søkerar til 2-årige masterprogram og PPU	6
5-4 (1) Konkurransepoeng.....	6
5-5. Poengbereking og rangering av søkerar til erfaringsbaserte master, etter § 5 i forskrift om krav til mastergrad	7
5-6. Rangering av søkerarar som ikkje kan poengutrekna.....	7
Kapittel 6. Tilbod på visse vilkår	7
Kapittel 7. Felles føresegnere om administrative forhold.....	7
7-1. Reservasjon av studieplass.....	7
7-2. Førehandsløfte	7
7-3. Fristar	8
7-3 (1) Tidsfristar	8
7-3 (2) Dokumentasjonsfristar	9
7-4. Verifikasiing av dokumentasjon	9
Kapittel 8. Ufyllande reglar	10
8-1. Ufyllande reglar.....	10

8-1 (2) Vesentlege endringar i opptakskrav	10
--	----

Kapittel 1. Verkeområde

1-1. Verkeområde

Utfyllande retningslinjer for opptak ved UiB er heimla i [forskrift om opptak til høgre utdanning](#) og [forskrift om opptak til Universitetet i Bergen](#). Retningslinjene gjeld for opptak til studieprogram som er omfatta av forskrift om opptak til Universitetet i Bergen.

Kapittel 2. Minstekrav for opptak

2-1. Generelle føresegner

2-1 (1) Generell studiekompetanse

Reglar for opptak på grunnlag av generell studiekompetanse, inkludert unntaksbestemelsane, er fastsett i forskrift om opptak til høgre utdanning og forskrift om opptak til Universitetet i Bergen.

2-1 (3) Engelskspråklege studieprogram

e) *Annan godkjent dokumentasjon:*

Cambridge Assessment English exams

University of Cambridge exams, frå 2005 med følgande resultat:

- *Proficiency* (CPE), med resultat A, B eller C
- *Advanced* (CAE), med resultat A, B eller C
- *First Certificate of English* med karakteren A

International Baccalaureate (IB)

- Fullført International Baccalaureate (IB) program med *English at Higher Level* (HL)
- Resultat må vere 4 eller betre.

Unntaksbestemmelse: UiB gir unntak frå kravet om engelskkunnskapar for søkerar med fullført vidaregåande skule frå Australia, Canada, Irland, Storbritannia, USA og New Zealand. UiB gir også unntak for søkerar som har fullført minst eitt år høgare utdanning, med engelsk som undervisningsspråk, i desse landa.

I tillegg vil søkerar som har fullført og bestått vidaregåande utdanning frå enkelte land kunne oppfylle engelskkravet. Utfyllande liste over land og utdanning som gir grunnlag for unntak, finnes på denne nettsida: <https://www.uib.no/en/education/49142/english-language-requirements#exemptions>

Følgande masterprogram ved UiB er engelskspråklege:

- Master's Programme in Global Development Theory and Practice
- Master's Programme in Development Geography
- Master's Programme in Physical Geography

- Master's Programme in Public Administration
- Master's Programme in System Dynamics

Merk: [Masterprogram i engelsk](#) har et strengare krav til engelskkunnskapar. Se programmets studieplan for informasjon om språkkrav.

2-1 (5) Utfyllande om språkkrav for framandspråklege masterprogram

Masterprogram med undervisning på eit anna språk enn engelsk og norsk, kan ha unntak frå kravet om norskkunnskapar og samtidig fråvike det generelle kravet som gjelder for engelskspråklege program. Søkarane til desse programma må dokumentere engelskkunnskapar på følgande nivå:

- IELTS academic – International English Language Testing System (British Council's): Minimum score of **6.0** on **each** of the bands: Listening, Reading, Writing and Speaking
- TOEFL - Test of English as a Foreign Language, internet-based test (iBT): Minimum score of **80**
- PTE Academic – Pearson Test of English Academic: Minimum **overall score of 53**
- Annan dokumentasjon kan godkjennast etter individuell vurdering.

Følgande program reknast som framandspråklege masterprogram ved UiB:

- Masterprogram i fransk
- Masterprogram i italiensk
- Masterprogram i spansk litteratur og språk

2-2. Opptaksgrunnlag masterutdanning

2-2 (3) Opptak til 2-årig masterprogram

b) Dokumentasjon

Søkaren må dokumentere ein fagleg fordjuping på minst 80 studiepoeng, relevant for det studiet søkeren søker opptak til. Ved tvilstilfelle blir det gjort ei fagleg vurdering av om utdanninga er relevant eller ikkje.

e) Karakterkrav

Alle 2-årige masterprogram ved UiB har krav om gjennomsnittskarakter C eller betre i den faglege fordjupinga. Sjå *Utrekning av vekta karakterpoeng*, 3.1.2.

Den faglege fordjupinga kan bestå av bestemte emne (normalt spesialiseringa i bachelorgraden), eller heile bachelorgraden. Kva som inngår i den faglege fordjupinga skal gå fram av studieplanen for programmet.

Frå opptaket 2020 skal alle program ved UiB, som hovudregel, ha krav om 3,00 som gjennomsnittskarakter for opptak til masterprogram.

Unntak frå 3,00: Alle program ved Det humanistiske fakultet har ei tolking av gjennomsnittskarakteren C = 2,50. Erfaringsbaserte masterprogram fastset egne karakterkrav i studieplanen.

2-4. Opptaksgrunnlag praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

2-4 (3) Tofagsmodell og tilbod

UiB avgjer for kvart studieår kva fag som vert utlyst på eitt- og tofagsmodellen, og kva fagkombinasjonar som er moglege på tofagsmodellen.

I PPU er det mogleg å søke opptak til fire alternativ i Søknadsweb. Det er mogleg å få opptak i inntil to fag. Søkarar som får tilbod om opptak i to fag, må takke ja til både faga. Kapasitet på eit fag eller uvanlege fagkombinasjonar kan i nokre tilfelle hindre opptak til tofagsmodellen.

Sjå opptakskrav til PPU: <https://www.uib.no/utdanning/laerer/49375/opptakskrav-praktisk-pedagogisk-utdanning-ppu>.

2-6. Opptaksgrunnlag norskkurs for eksterne søkerar

2-6 (1) Kven kan ha rett til kurs?

Søkaren må ha permanent opphaldsløyve i Noreg.

Søkarar som tilfredsstiller opptakskrava, men som ikkje tidlegare har gjennomført undervisning og greidd eksamen for eit norskurs ved UiB, må delta på ei plasseringsprøve for å kartleggje sitt språklege nivå. Søkarar som ikkje møter til plasseringsprøva vil ikkje bli vurdert for opptak.

Plasseringsprøva er berre gyldig for det semesteret det er søkt

Søknadar frå søkerar som har fått opptak til norskspråklege studieprogram gjennom Samordna opptak, vil ikkje bli vurdert for trinn 2 og 3.

2-6 (3) Om rangering

Ved behov blir søkerar rangerte på følgjande måte:

Søknadene delast i to grupper:

- Flyktningar
- Innvandrarar

a) Flyktningar blir prioritert føre andre søkerar

b) Om prioriteringar må gjerast innanfor ei eller begge gruppene søkerar, blir ein rangert etter avgelte tal studiepoeng på universitets- og høgskolenivå.

c) Interne søkerar til trinn 3 som har gjennomført undervisning og greidd eksamen på trinn 2 ved UiB blir rangerte føre eksterne søkerar.

d) Søkerar som har delteke på kurs og ikkje greidd eksamen, blir ikkje prioritert til kurs på same nivå på nytt. Ved ledig kapasitet kan det bli gjeve opptak på særskilt grunnlag.

Merk: Studiestart kan ikkje bli utsett til neste semester

Kapittel 3. Realkompetanse

Forskrift om opptak til høgre utdanning opnar for at personar utan generell studiekompetanse kan få opptak til studium ved Universitetet i Bergen. Realkompetanse er ein unntaksbestemmelse for søkerar som er 25 år eller eldre i søknadsåret, og som ikkje har generell studiekompetanse, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning, § 2-2.

Følgande kriterium blir lagt til grunn for godkjenning av realkompetanse:

- Søkaren må vere 25 år eller eldre i søknadsåret.
- Søkaren har ikkje generell studiekompetanse.
- Spesielle opptakskrav må vere dekkja.
- Krav om praksis: Søkar må dokumentere minst fem år fulltidspraksis, eller ein kombinasjon av praksis og utdanning. For søkerar med særleg relevant praksis eller utdanning kan ein gjere unntak frå 5-årskravet. Søkarar som har vore forhindra frå å gjennomføre praksis (for eksempel som følge av sjukdom eller liknande) kan søke om unntak.
- Alle søkerar må dokumentere naudsynte kunnskapar i norsk (eller annet nordisk språk) og engelsk.

Krav til dokumentasjon:

- Utdanning dokumenterast med vitnemål, kompetansebevis, årskursbevis, karakterutskrift eller liknande frå høgre utdanning, vidaregåande utdanning eller annan utdanningsinstitusjon.
- Arbeidserfaring må dokumenterast med arbeidsattest med varigheit og omfang (i timer per uke eller stillingsprosent).
- Førstegongsteneste må dokumenterast med bevis på avtent tid i førstegongsteneste.
- Ved søknad til det samordna opptaket: Eigenerklæring der søker skriv om motivasjon og forventing til studiet, samt eigenvurdering av kvifor søker meiner å kunne gjennomføre studiet.
- Ved søknad til enkeltemne: Søkar må legge ved eit eige skjema med liste over aktuelle emne.

Kapittel 4. Kvotor og opptaksrammer

4-1 (2) Ulike kvotor

I spesielle tilfelle kan det opprettast kvoter for søkerar, for eksempel på grunn av tilsetningsforhold, geografi, faglege forhold, nasjonale og internasjonale avtaler eller egne studentar.

Kapittel 5. Rangering

5-4. Poengbereking og rangering av søkerar til 2-årige masterprogram og PPU

5-4 (1) Konkurransepoeng.

Konkurransepoeng består av karakterpoeng, pluss eventuelle tilleggsSpoeng. Bruk av tilleggsSpoeng er oppgitt i studieplanen til det aktuelle programmet.

Følgande omrekningstabell blir lagt til grunn ved utrekning av vekta karaktergjennomsnitt for søkerar med talkarakterar:

Talkarakter	Bokstavkarakter	Gir følgande talekvivalent
1,0-2,2	A	5
2,3-2,5	B	4
2,6-2,7	C	3
2,8-3,0	D	2
3,1-4,0	E	1

5-5. Poengbereking og rangering av søkerar til erfaringsbaserte master, etter § 5 i forskrift om krav til mastergrad

For erfaringsbaserte masterprogram, skal rangeringsgrunnlag, rangeringsmetode og bruk av fagleg vurdering fastsettast i studieplanen, jf. forskrift om opptak til Universitetet i Bergen, § 5-4.

5-6. Rangering av søkerar som ikkje kan poengutrekna

Søknader som ikkje kan poengbereknast, blir individuelt vurdert etter ein heilhetlig og skjønnsmessig vurdering. Dette gjelder søkerar som har utanlandsk utdanning som ikkje kan reknast om, høgre utdanning utan karakter eller realkompetanse.

Kapittel 6. Tilbod på visse vilkår

Universitetet kan gi søkerar som manglar nødvendig opptakskrav tilbod på vilkår («betinget opptak»). Søkaren må dokumentere at manglande opptakskrav blir dekka innan studiestart.

Kapittel 7. Felles føresegner om administrative forhold

7-1. Reservasjon av studieplass

Søkerar som har fått reservert studieplass må registrere ny søknad i neste opptak, men vil her være garantert nyttilt tilbod.

Praksis for søkerar om reservasjon grunna førstegongsteneste

Søkerar som dimitterer etter 1. september det påfølgande året, kan ikkje søke om reservasjon av studieplass for eitt år. Søkarane som dimitterer etter 1. september det påfølgande året, kan søke om reservasjon av studieplass i to år.

7-2. Førehandsløfte

Søkerar som kan dokumentere at dei har behov som tilseier at dei treng tidleg opptak, kan få førehandsløfte, jf. forskrift om opptak til Universitet i Bergen, §7-2. Eit slikt førehandsløfte kan berre gis til søkerar med poengsum som er lik eller høgre enn medianen ved siste opptak.

Frist for å søke om tidleg opptak er 1. mars, og søkeren må være kvalifisert på søknadtidspunktet.

Grunnar som kan gi tidleg opptak er:

- Søkar er i jobb og har meir enn to månaders oppsigelsestid eller må søke permisjon. Dette må dokumenterast med attest frå arbeidsgivar om oppsigelsestid eller permisjon, eller arbeidskontrakt og lønnsslipp for den siste månaden.
- Søkar er sjølvstendig næringsdrivande og skal avvikle verksemda i forbindelse med studium. Dette må dokumenterast med attest frå Skatteetaten eller foretaksregister om sjølvstendig næringsverksemde.
- Søkar må flytte med familie på grunn av jobb, barnehageplass eller skulebytte. Dette må dokumenterast med bustadsattest frå Skatteetaten for søker og barna, eller søker og sambuar/ektefelle.

7-3. Fristar

7-3 (1) Tidsfristar

Interne fristar ved UiB

- 1. desember er frist for å melde inn studium for kommande år.
- 20. september er frist for å melde inn program som skal lyses ut for søkerar frå utanfor EU
- 1. desember er frist for fastsetting av kvoter og opptaksrammer.
- Trekk av studium i det lokale opptaket må skje i rimeleg tid etter at søkeratal er kjent.

7-3 (1) A Tidsfristar i masteropptak ved UiB

Masteropptak (søkarar busett i land i Norge og Norden, og EU/EØS og Sveits)

- 1. februar: Søknadsweb opnar for søkning til masterprogram ved UiB.
- 1. mars: Søknadsfrist for søkerarar busett i EU/EØS og Sveits og for søkerarar som kan dokumentere behov for tidleg opptak.
- 15. april: Søknadsfrist for søkerarar busett i Noreg og Norden.
- 1. mai: Søkarar busett i EU/EØS og Sveits får svar på søknad.
- 1. juli: Frist for å omprioritere søkeradsalternativ.
- 6. juli: Søkarane busett i Norge og Norden får svar på søknad.

Internasjonalt masteropptak (søkarar busett i land utanfor Norge og Norden, og EU/EØS og Sveits)

- 1. november: Søknadsweb opnar for søkning til internasjonale masterprogram
- 1. desember: Søknadsfrist for søkerarar busett i land utanfor Norden og EU/EØS og Sveits
- Ca. 1. april: Søkarane får svar på søkerad om opptak

Masteropptak - vårsemester: På program med ledig kapasitet etter haustopptaket, kan vi gjennomføre suppleringsopptak. Suppleringsopptak annonserast på UiB sine nettsider.

7-3 (1) B Tidsfristar for PPU

Praktisk-pedagogisk utdanning

- 1. februar: Søknadsweb opnar for søkering til PPU
- 15. april: Søknadsfrist for alle søkerarar og frist for å laste opp søkeradsdokument
- 1. juli: Frist for å omprioritere søkeradsalternativ og for å laste opp dokumentasjon som fullførast inneverande semester

- 6. juli: Søkarane får svar på søknad om opptak. Tilbod om opptak kan sendast til kvalifiserte søkerar fortløpande

7-3 (1) C Tidsfristar for norskkurs

Norskkurs for eksterne søkerar

- Søknadsfrist: 2. mai for opptak til haustsemesteret
- Søknadsperiode : 2. mars-2. mai
- Søknadsfrist: 15. oktober for opptak til vårsemesteret
- Søknadsperiode: 15. august-15. oktober

7-3 (2) Dokumentasjonsfristar

Opptakskrav må dokumenterast, jf. forskrift om opptak til Universitetet i Bergen, §7-3. (2).

Dersom dokumentasjonen er på eit anna språk enn skandinavisk eller engelsk, må søker få den oversett. Oversettingar skal gjerast av translatør eller tolketeneste. Søker må laste opp både originalen og oversettinga innan oppgitt frist.

7-4. Verifisering av dokumentasjon

All dokumentasjon som skal ligge til grunn for søkerbehandlinga må lastast opp i søkeren, eller gjerast elektronisk tilgjengeleg for sakshandsamar. Dokumentasjon som inneholder sensitive opplysningar kan ikkje leverast elektronisk, men må sendes som papirkopiar i posten. Søkaren er sjølv ansvarleg for at dokumentasjonen som er lagt ved søkeren er riktig.

Dokumentasjonen som er lagt ved søkeren skal rutinemessig verifiserast for alle opptak til Universitetet i Bergen.

Rutinemessig verifikasjon blir gjennomført som stikkprøvekontroll, der utvalet er tilfeldig. Størrelsen på utvalet vil variere med kor mange søkerar det er i opptaket, men minimum 10 % av møtte studentar skal kontrollerast.

Universitetet kan gjennomføre verifikasjon av innsendt dokumentasjon i heile perioden frå dokumentasjonen er mottatt til studieretten går ut.

Informasjon om kontroll av dokumentasjon

Søkerar i opptaket skal få informasjon om at dei kan få krav om å vise fram original dokumentasjon som ligger til grunn for søkeren. Søkarane skal gjerast merksame på konsekvensar av eventuell mangefull verifikasjon og forfalsking. Universitetet kan også kontakte utstedar av dokumentasjonen for verifikasjon dersom universitetet ser det som føremålstenleg.

Ved verifikasjon av dokumentasjon skal søkeren varslast på e-post, til den registrerte e-postadressa i studentdatabasen. Varsel skal innehalde:

- Kva dokumentasjon som krevst framvist for kontroll
- Kvar og korleis dokumentasjonen skal bli lagt fram
- Frist for framlegging
- Konsekvens ved manglande oppfølging av kravet

Konsekvensar ved mangelfull verifikasjon og forfalsking

Dersom universitetet finn at framvist dokumentasjon er mangelfull ved verifikasjon, kan dette føre til at søkeren mistar studieretten sin og dermed rett til å fullføre utdanninga.

Falske vitnemål, falske dokument eller dokument frå falske institusjonar vil bli inndratt. Dette fører til at søker ikkje vil få opptak eller få godkjent utdanning i inntil eitt år.

Vedtak kan klagast på til universitetets sentrale klagenemnd, eller til nasjonal klagenemnd som er tilknytt Samordna opptak.

Falsk dokumentasjon rammes av Straffelovens § 361 og § 365, og blir meldt til politiet.

Kapittel 8. Utfyllande reglar

8-1. Utfyllande reglar

8-1 (2) Vesentlege endringar i opptakskrav

a) Lokale opptak:

1. desember er frist for å melde inn mindre endringar i opptakskrav for opptak, kommande haust.

1. februar er frist for å melde inn vesentlege endringar i opptakskrav for opptak neste år (jf. forskrift om opptak til Universitetet i Bergen § 8-1 (2)).

b) Samordna opptak:

Det gjelder eigne reglar og fristar for endring av opptakskrav for program lyst ut i Samordna opptak.